

Detaljregulering for Gamle Holmen, gnr. 9 bnr. 7-9 m.fl.

Reguleringsføresegner

PlanID 1145_202502

1. Formålet med planen

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for ei heilskapleg og attraktiv utvikling av sentrumsområdet i Føresvik. Planen opnar for ei samansett arealutnytting med bustadar, handel, kontor og offentleg og privat tenesteyting, og skal medverke til å styrke Føresvik som lokalsenter. Vidare skal planen sikre gode rammer for uterom, grøntstruktur og nødvendig teknisk infrastruktur.

Desse føresegnene utgjer saman med plankart datert 16.07.2026 reguleringsplan for området.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Estetikk

Det skal ved utforming og utbygging leggjast vekt på miljø- og ressursvennlege løysingar. Fasademateriala skal vera av høg kvalitet. Bygningar innanfor planområdet skal utformast med variasjon i høgder, fasadeliv og fasadeuttrykk, slik at busetnaden får eit oppdelt og variert preg, og slik at ein unngår lange, monotone fasadar. Fargebruken skal vere heilskapleg og tilpassa staden, landskapet og omkringliggjande busetnad. Sterke og dominerande fargar skal avgrensast, og større fasadeflater skal ha dempa fargetonar.

Uterom, torg, gangareal, leikeareal og grøntområde skal utformast med høg kvalitet i materialbruk, dekke, møblering og vegetasjon. Material og dekke skal vere varige, driftssikre og tilpassa bruken av areala, og skal bidra til eit heilskapleg og estetisk godt utemiljø. Store samanhengande flater med einsarta harde dekke skal unngåast.

Der det er eigna, skal det nyttast permeable dekke, naturlege materialar og blågrøne løysingar som bidreg til overvasshandtering, opphaldskvalitet og miljøverdi.

Uteopphaldsareal og leikeareal skal ha vegetasjon av god kvalitet som bidreg til skjerming, romdanning, naturpreg, biologisk mangfald og sanseopplevingar. Så langt det let seg gjere, skal det nyttast vegetasjon som gir særlege bruks- og opplevingskvalitetar, til dømes frukttre, bærbuskar og annan nyttevegetasjon. Vegetasjonen skal vere robust og stadtilpassa, og utformast slik at området er trygt og eigna for opphald, lek og ferdsel for alle brukargrupper.

2.2 Universell utforming

Ved utforming av bygningar og uteområde skal det leggjast vekt på utforming som gir god tilgjenge for alle og slik at de kan brukast på like vilkår av så stor del av befolkninga som mogleg.

2.3 Tiltak i strandsona

Det skal leggjast til rette for allmenn ferdsel i strandsona. Stengsel som kan hindra persontilgang langs strandlinja er ikkje tillate. Dette gjeld gjerde, grunder, skilt m.m.

Småbåtanlegg, kaiar, bryggjer og badeområde skal planleggjast og utformast slik at konflikt mellom båttrafikk, badande og ferdsel langs sjøfronten blir avgrensa.

Tiltak som kaiar, flytebryggjer, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve av hamnemynde etter hamne- og farvasslova, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova. Eventuelle utfyllingar i sjø krev i tillegg løyve etter forureiningslova.

Ved tiltak i sjø skal behovet for miljøgeologiske undersøkingar av sediment og tiltak for å hindre spreining av ureining vurderast før arbeidet tek til.

2.4 Tekniske anlegg

Tekniske fellesanlegg som nettstasjonar, pumpestasjonar, kablar og leidningar osv. er tillat oppført innanfor alle formål. Utforming av slike anlegg skal visast i søknad om tiltak. Anlegga må plasserast og utformast slik at de praktisk og estetisk er til minst mogleg sjenanse, og dei må ikkje komme i konflikt med avsett vegareal eller være til hinder for friskt. Tekniske installasjonar skal plasserast og utformast slik at støyulemper for bustader og uteopphaldsareal blir avgrensa.

Sårbare tekniske installasjonar skal plasserast eller sikrast slik at dei ikkje blir skadde ved dimensjonerande stormflo og bølgepåverknad.

2.5 Grunnforhold

Tilstrekkeleg sikkerheit må dokumenterast i samsvar med krava i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift, både i gjennomføringsfasen og for situasjonen etter utbygging.

Før terrenginngrep i område der tidlegare arealbruk, fyllmassar eller observasjonar gir grunn til mistanke om ureining, skal behovet for miljøgeologiske undersøkingar vurderast. Dersom ureining blir påvist, skal massar og sediment kartleggjast og handterast i samsvar med gjeldande regelverk og godkjend tiltaksplan. Ved funn av ukjende massar, misfarging, lukt, oljefilm eller andre teikn på ureining skal arbeidet stansast lokalt til forholdet er undersøkt og nødvendige tiltak er avklarte.

2.6 Offentlege areal og byggegrenser

Arealformål angitt med o_ betyr at områda er offentlege.

Der byggegrenser ikkje er vist særskilt i plankartet, ligg dei samanfallande med formålsgrenser. Fortøyingar til flytebrygger og fyllingar i sjø kan ligga utanfor fastsette byggegrenser, dersom tiltaka er knytt til regulert småbåtanlegg og hamn. Det same gjeld balkongar over bakkeplan, jf. punkt 3.1.2 f).

2.7 Belysning

Offentlege vegar, fortau, gatetun, torg, sjøpromenade og andre offentlege gang- og opphaldsareal skal ha belysning tilpassa arealet sin funksjon og bruk. Belysninga skal bidra til trygg ferdsel og gode opphaldskvalitetar, og utformast slik at unødig lysforureining og blanding blir avgrensa.

Plassering og utforming av belysning skal gå fram av teknisk plan og/eller utomhusplan for det aktuelle anlegget.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Fellesføresegner for bygningar og anlegg

Dokumentasjonskrav

a) Utomhusplan

Ved søknad om byggjeløyve skal det leggjast ved ein utomhusplan i målestokk 1:200 for heile byggeområdet tiltaket inngår i. Planen skal visa plassering av alle bygg innanfor delfeltet med areal for privat og felles opphald inkludert leikeareal og naudsynt trafikkareal for tilkomst og tilhøyrande frisiktsoner, parkering, varelevering og renovasjon. Planen skal vise utforming av utomhusområda med informasjon om overflater, planting, møbler, belysning, høgder og evt. støttemurar samt korleis uteopphaldsareal blir skjerma mot vind og støy.

b) Illustrasjonar av verknader for omgjevnadene

Ved søknad om byggjeløyve skal det leggjast ved relevante snitt, oppriss og/eller perspektivillustrasjonar som viser tiltaket sin verknad for dei næraste omgjevnadene. Dokumentasjonen skal vise byggehøgde, volum, terrengtilpassing, fasadeutforming, material- og fargebruk og forholdet til eksisterande busetnad.

3.1.2 Sentrumsformål (felt SF1 – SF4)

- a) Områda kan nyttast til forretningar, tenesteyting, kontor, hotell/overnatting og bevertning og bustadar med tilhøyrande infrastruktur, parkering og grøntareal.
- b) Maksimal gesimshøgde er 10,5 meter og maksimal mønehøgde er 13,5 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Kvist og ark kan bryte gesimslinja, men skal vere underordna hovudtaket og kan samla ikkje utgjere meir enn 1/3 av lengda på den aktuelle takflata. Kvist og ark skal ikkje overstige maksimal mønehøgde.
- c) Første etasje i bygg langs o_KV skal ha minimum brutto etasjehøgde på 4,5 meter for auka fleksibilitet.
- d) Minimum og maksimum utnytting av byggeområda avsett til formålet på plankartet, går fram av tabellen under:

Feltnamn	Minimum utnytting	Maksimal utnytting
SF1	1 200 m2 BRA	1 800 m2 BRA
SF2	1 650 m2 BRA	2 100 m2 BRA
SF3	350 m2 BRA	600 m2 BRA
SF4	5 000 m2 BRA	7 500 m2 BRA

- e) Ved etablering av forretningar skal desse lokalisrast i førsteetasjar mot gate (o_KV), gatetun og torg og ha direkte inngangar frå desse.

f) Uteoppald- og leikeareal

For kvar bueining skal det sikrast minimum 20 m² minste uteoppshaldsareal, MUA. Uteoppshaldsarealet skal vere godt eigna til opphald og rekreasjon, og skal ha tilfredsstillande soltilhøve og vere skjerma mot vind. MUA kan vere ein kombinasjon av private uteareal tilknytt den enskilde bueininga, som hage, balkong og terrasse, og felles leike- og uteoppshaldsareal for fleire bueiningar. Parkering, køyreareal og innkøyrslé skal ikkje reknast med i MUA.

Kvar bueining skal ha minimum 6 m² samanhengande privat uteoppshaldsareal som inngår i MUA. Areal på balkong og terrasse kan reknast med som privat uteoppshaldsareal.

Alle byggeområde der det skal etablerast bustader, skal ha tilgang til nærleikeplass. Nærleikeplass skal liggje maksimalt 100 meter frå bustadene han skal tene, og skal ha eit minimumsareal på 150 m². Nærleikeplassen skal vere eigna for leik og opphald, ha trygg tilkomst, og vere plassert slik at han i størst mogleg grad er synleg frå bustadene han skal tene.

Ein nærleikeplass på minimum 150 m² kan tene inntil 25 bustader og kjem i tillegg til minste uteoppshaldsareal, MUA. For bustader utover 25 skal leikearealet utvidast med minimum 25 m² per bustad, rekna frå og med bustad nr. 26.

Kommunen kan godkjenne standardheving av nærleikeplassen som heilt eller delvis kompenserande tiltak for krav om arealutviding, dersom standardhevinga etter kommunen si vurdering gir tilsvarande eller betre leike- og oppshaldskvalitet enn auka areal. Standardheving kan til dømes omfatte betre terrengforming, meir variert leikeutstyr, vegetasjon, belysning eller andre kvalitetshevande tiltak.

g) Balkongar kan krage ut inntil 2,5 meter frå fasadelivet. Det kan krage ut over formålsgrænse mot offentleg samferdsleformål, dersom utkraginga ikkje hindrar naudvendig fri høgd, tilkomst, manøvreringsareal, tømmeareal eller drift og vedlikehald av funksjonar på bakkeplan, mellom anna renovasjonsanlegg, gangareal, køyreareal, varelevering og utrykkings- og driftskøyrerøy. Naudvendige funksjonsareal på bakkeplan skal visast i situasjonsplan eller utomhusplan ved søknad om tiltak.

h) Parkering

Det skal etablerast minimum 1,2 og maksimalt 2,0 parkeringsplassar for bil, og 1,5 sykkelparkeringsplass per bustad i planområdet.

Det skal etablerast minimum 1 og maksimum 1,5 parkeringsplassar for bil, og 2 sykkelparkeringsplassar pr. 100 m² golvareal (BRA) for forretning/kontor/ tenesteyting og anna næring. Areal for lager skal ikkje reknast med.

Minimum 5 % av parkeringsplassane skal vere HC-parkering.

Ved byggesøknad skal det gjerast greie for parkeringsbehovet, og korleis dette skal dekkast.

Ordinære biloppstillingsplassar skal ha ei minimum breidd på 2,6 meter. Ved vegg, søyle eller anna fast sidehinder skal breidda aukast slik at det blir sikra tilstrekkeleg plass for inn- og utstiging.

- a) Hovudtilkomst til byggeområda SF1 – SF4 skal vere frå offentlig køyreveg o_KV, vist med avkøyrsløp på plankartet. Avkøyrsløp på plankartet viser kor mange avkøyrsløp som er tillate etablert til kvart felt. Plassering av avkøyrsløpene er rettleiande og endeleg plassering inkludert frisktsoner i samsvar med gjeldande vegnormal skal gå fram av situasjonsplan i samband med søknad om frådelling/byggeløyve.
- i) Handtering av avfall skal skje som ei integrert løysing i bygningane, i avfallsskur eller som nedgravd løysing. Utandørs lagring av avfall utan skjerming er ikkje tillate. Avfallsskur og andre innhegningar skal tilpassast bygningane når det gjeld materialbruk og farge. Hushaldsavfall og næringsavfall skal handterast i separate løysingar.
- j) Varelevering, renovasjon, parkeringsareal og tekniske installasjonar skal plasserast og utformast slik at støyulempar for bustadar og uteopphaldsareal blir avgrensa. Ved behov skal det etablerast skjerming eller andre avbøtande tiltak.

3.1.3 Næringsformål (felt NÆ)

- a) Området er avsett til næringsformål og kan nyttast til bevertning, badstu/badepus, mindre utleige- og arrangementslokale og tilhøyrande besøksretta servicefunksjonar. Bygningen skal utformast med naustpreg.
- b) Føresegnsområdet #1, avgrensar bygget si maksimale utstrekning innanfor formålet. Utanfor føresegnsområdet kan det etablerast kai/bryggje, gangtilkomst og uteopphaldsareal som høyrer til bruken av bygget.
- c) Maksimal utnyttingsgrad er sett til 48 m² BYA. Bygningen kan ha maks gesimshøgde på 4,0 meter og maks mønehøgde på 6,5 meter.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner for bygningar og anlegg

Teknisk plan for offentlege samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur må godkjennast av eigar av anlegga. Køyreveg (KV), fortau (FO) og gatetun (GT) skal utformast i tråd med handbok N100.

3.2.2 Køyreveg (felt KV)

- b) Felt o_KV omfattar offentlig køyreveg. Veg skal opparbeidast i samsvar med plankartet, og saman med regulert fortau utformast som gate jf. handbok N100.
- c) Det kan opparbeidast avkøyrsløp frå gata og inn til byggeområda. Utforming må tilpassast dimensjonerande køyretøy, og friskt må følge krav gitt i gjeldande vegnormal utgitt av Statens vegvesen. Avkøyrsløp på plankartet viser kor mange avkøyrsløp som er tillate etablert til kvart felt. Plassering av avkøyrsløpene er rettleiande og endeleg plassering skal gå fram av situasjonsplan i samband med søknad om byggeløyve.

3.2.3 Fortau (felt FO1 – FO4)

- a) Fortau skal opparbeidast i samsvar med plankartet og avsluttast med kantstein mot vegen.

- b) Avkøyrslar frå køyreveg o_KV og inn til byggeområda vist med avkøyrslapiler på plankartet kan krysse fortauet. I desse områda må det etablerast nedsenka kantstein mellom veg og fortau.
- c) Innanfor fortausarealet kan det etablerast plantefelt, bed, tre, annan vegetasjon og opne overvassløysingar som del av gateutforminga. Tiltaka skal plasserast og utformast slik at dei ikkje hindrar nødvendig fri gangbreidde, universell utforming, friskt, avkøyrslar, drift, vedlikehald eller vinterdrift av fortau og veg.

3.2.4 Torg (TO)

- a) Torg skal opparbeidast som møteplass for ålmenta, med soner for opphald, leik og ferdsel. Torget skal ha overbygd sitjegruppe med skjerming mot regn og vind, integrerte leike-/aktivitetselement, vegetasjon og belysning som gir tryggleik og god opphaldskvalitet. Terreng og opphaldssonar kan etablerast i ulike høgder for å ta opp høgdeforskjell mellom veg og sjø og skape god kontakt med sjøfronten. Universell tilkomst skal sikrast. Utforming, møblering, vegetasjon, belysning og høgdetilpassing skal visast i utomhusplan.
- b) Det skal etablerast sjøpromenade frå plangrensa i sør med kopling til sjøpromenade i felt o_PA1.

3.2.5 Gatetun (GT)

- a) Områda er regulert til offentleg gatetun. Områda skal utformast på gåande og syklende sine prinsipp. Belegning, møblering og belysning er viktige verkemidlar som skal nyttast for å få eit tydeleg lesbart og trafiksikkert område.
- b) Det skal etablerast gjennomkøyring gjennom gatetun o_GT1, rundt byggeområde SF2 for nødvendig biltrafikk. Gjennomkøyringa skal ha ei utforming som verkar fartsdempande og avgrensar konflikt med gåande, syklende og brukarar av sjøpromenaden. Køyreliner og gangliner skal vere tydelege og oversiktlege. Det er tillate å etablere offentleg tilgjengeleg HC-parkering innanfor området.

Det er ikkje tillate med køyring på o_GT2, med unntak for utrykkingskøyretøy.

- c) Langs sjø skal det opparbeidast sjøpromenade som skal vere del av offentleg turvegforbindelse rundt heile Gamle Holmen.

3.2.6 Hamn (H)

- a) Området er regulert til offentleg småbåthamn på land. Området kan opparbeidast med kai, bryggjekant, landgangar, fortøyingfeste, vass- og straumuttak og nødvendige tekniske installasjonar for bruk og drift av småbåthamna. Det er tillate med drivstoffpumper i områda.
- b) Kaiar, bryggjer, landgangar og andre areal med fallfare mot sjø skal ha trygg utforming og tilkomst. Behov for rekkverk, redningsleider, redningsbøyer, belysning og skliskre dekke skal vurderast og dokumenterast ved søknad om tiltak.
- c) Det er tillate å etablere ny bølgebrytar/molo (o_H3) ut frå eksisterande kai o_H2. Maksimal breidde og lengde på bølgebrytaren er fastsett i plankartet. Plasseringa kan justerast innanfor avsett formål for å sikre tilpassing til grunnforhold, vind- og bølgefjorhold og kopling

til eksisterande kai. Bølgebrytaren kan etablerast som fast fylling/molo eller som flytande bølgedempar/konstruksjon med nødvendig forankring.

3.3 Grønstruktur

3.3.1 Park (felt PA)

- a) Felta o_PA1 og o_PA2 er avsett til offentlig parkbelte. Byggegrensa mot sjø ligg samanfallande med formålsgrensa i områda.
- b) Det skal etablerast gangforbindelse med fast dekke gjennom områda. Gangforbindelsen skal sikre ei samanhengande forbindelse (sjøpromenade) mellom torg o_TO og gatetun o_GT1 via park o_PA1, og mellom gatetun, o_GT1 og fortau o_FO4 via park o_PA2. Områda skal opparbeidast og leggst til rette for opphald, rekreasjon og aktivitet i strandsona.
- c) Arealet avsett til føresegnsområde #2 mellom gatetun (o_GT1) og båtslipp/sjøsettingsrampe (o_SH3) skal haldast ope og tilgjengeleg, og ikkje opparbeidast eller nyttast på ein måte som hindrar tilkomst og bruk av sjøsettingsrampa.

3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.4.1 Småbåthamn (felt SH)

- a) Innanfor områda kan det leggjast ut flytebyggjer med utriggarar for småbåtar.
- b) Båtanlegg skal prosjekterast og dimensjonerast for å tola påkjenning frå vind og bølger. Det må leggjast fram dokumentasjon på at anlegget er planlagt og dimensjonert av personell med tilstrekkeleg kompetanse innan fagfeltet. Dokumentasjonskravet gjeld og for personell som skal leggja ut flytebyggje.

3.4.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (FLVS)

Innanfor området skal det vera fri ferdsle på sjø. Naudsynte feste for flytebyggjer kan leggst ut i området, men skal ikkje vera til hinder for ferdsel med båt.

3.4.3 Badeområde (VBAD)

Innanfor felt VBAD kan det leggjast til rette for badeområde i sjø. Tiltak som er til hinder for bruk av området som badeområde er ikkje tillate.

Naudsynt utstyr for merking og redningsutstyr kan etablerast.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisikt H140

Innanfor områda H140 skal det ikkje vera sikthindringar, som gjerde, murar og vegetasjon høgare enn 0,5 meter over vegnivå. Enkelttre, skilt, lysstolpar etc. kan tillatast plassert innanfor frisiktsona i samsvar med retningslinjer gitt i Statens vegvesen si handbok N100.

4.1.2 Støysone H220

Ved etablering av bustader eller andre støyfølsame bruksformål innanfor støysone H220 skal det dokumenterast at støy frå vegtrafikk blir handtert i samsvar med retningslinje T-1442/2021. Uteopphaldsareal skal ha støynivå som ikkje overstig Lden 55 dB.

Dersom delar av ein bustadfasade har støynivå over Lden 55 dB, skal kvar bueining ha tilgang til ei stille side. Med stille side er meint ei side av bygningen der støynivået utanfor vindauge til rom med støyfølsamt bruksformål ikkje overstig Lden 55 dB.

4.1.3 Flaumfare H320

Flaumsone H320 omfattar areal som kan bli overfløymde ved stormflo med 200-års returintervall, inkludert havnivåstiging og klimapåslag for tryggleiksklasse F2. Sona er vist med utgangspunkt i berekna vassnivå kote +1,90 NN2000.

Bygg i tryggleiksklasse F2 skal ha lågaste golvnivå på minimum kote +3,0 NN2000. Sårbare tekniske installasjonar skal plasserast på minimum kote +3,0 NN2000 eller sikrast mot stormflo og bølgegjøpårverknad på annan dokumentert måte. Plassering på eller over kote +3,0 NN2000 er vurdert å gi tilstrekkeleg tryggleik og krev ikkje nærare dokumentasjon av sikringsnivået.

Byggverk og installasjonar kan plasserast lågare dersom det blir dokumentert at dei gjennom plassering, konstruksjon eller andre sikringstiltak har tilfredsstillande tryggleik mot stormflo, bølgegjøpårverknad og overfløyming.

Lågtliggjande kaiar, sjøpromenade, badeområde og andre uteareal kan utformast for periodisk overfløyming, men skal dimensjonierast for aktuelle påkjenningar og ha material og konstruksjonar som toler stormflo og bølgegjøpårverknad.

5. Føresegner til føresegnsområde (§ 12-7)

5.1 Føresegnsområde

- a) Innanfor føresegnsområde #1, kan det førast opp bygning knytt til næringsformålet NÆ. Føresegnsområdet avgrensar bygningen si maksimale utstrekning. Sjå elles føresegner for felt NÆ i punkt 4.1.1.
- b) Innanfor føresegnsområde #2 kan arealet nyttast til nødvendig manøvrering med bil og båthengar i samband med bruk av sjøsettingsrampa o_SH3. Arealet skal haldast ope og utformast slik at tilkomsten til sjøsettingsrampa ikkje blir hindra. Når arealet ikkje er i bruk til dette formålet, skal det inngå som del av parkområdet og vere tilgjengeleg for ferdsel og opphald. Det er ikkje tillate med parkering, lagring eller permanente tiltak som hindrar manøvrering eller reduserer arealet sin funksjon som park.

6. Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Før rammeløyve/igangsetjingsløyve

- a) Kommunen skal godkjenne plan for kommunale tekniske anlegg (inkl. veg, belysning av offentlege samferdsleanlegg og uteareal, vatn, sløkkjevatn og avløp) før søknad om opparbeiding av infrastruktur kan starte. Handtering av overvatn skal inngå i planen. Det skal så langt som råd nyttast naturbaserte løysningar som fordrøying, infiltrasjon og opne vassvegar for handtering av overvatn.

Tekniske planar for regional veg (del av o_KV og o_FO1 – o_FO3) skal godkjennast av rette fagmynde.

- b) Før igangsetjingsløyve for bygg eller anlegg kan givast, skal det dokumenterast at tiltaket har tilfredsstillande tilkomst og nødvendige oppstillings- og manøvreringsareal for brann- og redningskøyretøy, og tilstrekkeleg kapasitet og tilgang på sløkkevatn.
- c) Før igangsetjingsløyve for terrenginngrep, masseutskifting, utfylling eller tiltak i sjø kan givast, skal behovet for miljøgeologiske undersøkingar og eventuell tiltaksplan for ureina grunn eller sediment vere avklart.

6.2 Før mellombels bruksløyve/ ferdigattest

Før det blir gitt bruksløyve for nye bygningar, skal samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur fram til tomta, uteopphaldsareal inkludert leikeareal og internt trafikkareal for parkering, varelevering og renovasjon, vere opparbeidd i samsvar med godkjend situasjonsplan.

Omega 365 Protek AS, 16.07.2026

Omega 365 Protek AS, 24.08.2026